



# Haugaland brann og redning iks

## MØTEPROTOKOLL

### Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

**Møtestad:** Diktervegen 8  
**Møtedato:** 10.11.2023  
**Tid:** 09<sup>00</sup> – 11<sup>00</sup>  
**Saker:** 23/012-23/015

**Til stades:**

Monika Lindanger, leiar	Tysvær
Leiv Arne Marhaug, nestleiar	Karmøy
Marte Eide Klovning, medlem	Utsira
Egil Våge, medlem	Bokn
André Mundal Haukås, medlem	Sveio
Ole Johan Vierdal, medlem	Vindafjord

**Forfall:** -

**Andre:**

Yngve Bergesen, kommunedirektør	Vindafjord
Jostein Førre, rådmann	Sveio
Øystein Hagerup, konst. kommunedirektør	Karmøy
Sigurd Eikje, rådmann	Tysvær
Ingeborg Skjølingstad, kommunedirektør	Bokn
Leon Dale, styremedlem	
Thor Arne Larsen, styremedlem	
Heidi Synnøve Nymann, styremedlem	
Leif Malvin Knutsen, nestleiar i styret	
Dag Botnen, dagleg leiar	

**Diverse merknader:** Ole Johan Vierdal vart valt som møteleiar.

#### Underskrifter:

**Stad:** Haugesund  
**Dato:** 10.11.2023

---

Monika Lindanger  
leiar

---

Leiv Arne Marhaug  
nestleiar

---

Marte Eide Klovning  
medlem

---

Egil Våge  
medlem

---

André Mundal Haukås  
medlem

---

Ole Johan Vierdal  
medlem

Møteprotokoll er sendt til: - eigarkommunar  
- revisjonen/KPMG  
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

## **SAKSOVERSIKT**

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
-	Innledning – nye medlemmer av representantskapet	-
-	Presentasjon – Haugaland brann og redning iks	Orientering
23/012	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
23/013	Konstituering av representantskap	Vedtak
23/014	Budsjett 2024 med økonomi- og handlingsplan 2024-2027	Vedtak
23/015	Eventuelt	-

## **SAKSNR.      SAKSPROTOKOLL**

### **23/012      Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Tilråding frå brannsjef**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

#### **Sakshandsaming i representantskapet 10.11.2023**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

### **23/013      Konstituering av representantskap**

#### **Tilråding frå styret**

-

#### **Sakshandsaming i representantskapet 10.11.2023**

Ole Johan Vierdal foreslo Monika Lindanger som leiar for representantskapet. Forslaget vart einstemmig vedteke.

Ole Johan Vierdal foreslo Leiv Arne Marhaug som nestleiar for representantskapet. Forslaget vart einstemmig vedteke.

Det vart minna om at representantskapet skal etter revidering av lov om interkommunale selskap 1.7.2023 ha minimum to vararepresentantar. Nytt representantskap vert etter dette:

Tysvær:	Leiar: Monika Lindanger, ordførar	Vara 1: Sven Ivar Dybdal, varaordførar
		Vara 2: Ola S Apeland, kommunestyremedlem
Karmøy:	Nestleiar: Leiv Arne Marhaug, ordførar	Vara 1: May Synnøve Rygh, varaordførar
		Vara 2: Jarle Nilsen, kommunestyremedlem
Utsira:	Medlem: Marte Eide Klovning, ordførar	Vara 1: Tove Grimsby, varaordførar
		Vara 2: Etter delegasjon av ordførar
Bokn:	Medlem: Egil Våge, ordførar	Vara 1: Rannveig Foss Øvrebø, varaordførar
		Vara 2:
Sveio:	Medlem: André Mundal Haukås, ordførar	Vara 1: Ruth Grethe Ø Eriksen, varaordførar
		Vara 2:
Vindafjord:	Medlem: Ole Johan Vierdal, ordførar	Vara 1: Gustav Løge Fosse, varaordførar
		Vara 2:

Vararepresentant #2 vert ettersendt administrasjonen for HBR iks frå dei kommunane som ikkje har gjennomført val p.t.

Ole Johan Vierdal foreslo Monika Lindanger, Leiv Arne Marhaug, Marte Eide Klovning, Egil Våge og Ole Johan Vierdal som medlemmer av valkomitéen. Forslaget vart einstemmig vedteke.

Det vart minna om at kommunane skal utpeike medlemmer til selskapet sitt klageorgan. Samansetninga for valperioden er, ref. sak 21/018:

Medlem: Tysvær                      Vara: Karmøy  
Medlem: Sveio                        Vara: Vindafjord  
Medlem: Utsira                      Vara: Bokn

Namn på medlemmer og varamedlemmer vert ettersendt administrasjonen for HBR iks.

#### VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek følgjande konstituering av representantskapet for neste periode:

Kommune	Namn	Funksjon HBR	Stilling/funksjon
Tysvær	Monika Lindanger	Leiar	ordfører
	Sven Ivar Dybdal	Varamedlem #1	varaordfører
	Ola Steinar Apeland	Varamedlem #2	kommunestyremedlem
Karmøy	Leiv Arne Marhaug	Nestleiar	ordfører
	May Synnøve Rygh	Varamedlem #1	varaordfører
	Jarle Nilsen	Varamedlem #2	kommunestyremedlem
Utsira	Marte Eide Klovning	Medlem	ordfører
	Tove Grimsby	Varamedlem #1	varaordfører
	Etter delegasjon	Varamedlem #2	kommunestyremedlem
Bokn	Egil Våge	Medlem	ordfører
	Rannveig Foss Øvrebø	Varamedlem #1	varaordfører
	-	Varamedlem #2	-
Sveio	André Mundal Haukås	Medlem	ordfører
	Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	Varamedlem #1	varaordfører
	-	Varamedlem #2	-
Vindafjord	Ole Johan Vierdal	Medlem	ordfører
	Gustav Løge Fosse	Varamedlem #1	varaordfører
	-	Varamedlem #2	-

Valkomitéeen vert for same periode:

Kommune	Namn	Funksjon HBR	Stilling/funksjon
Tysvær	Monika Lindanger	Leiar	ordfører
Karmøy	Leiv Arne Marhaug	Nestleiar	ordfører
Utsira	Marte Eide Klovning	Medlem	ordfører
Bokn	Egil Våge	Medlem	ordfører
Vindafjord	Ole Johan Vierdal	Medlem	ordfører

Kommunane vil ettersende namn der dette manglar for representantskap, valkomité og klagenemnd.

**Brannsjefens utkast til vedtak**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 860 358,-.

Sjølvkostområdet (feiing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 363 841,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	Herav "etterslep" lån	Kostnad -24	%-fordeling
Refusjon Bokn	-2 053 105	206 047	<b>-1 847 058</b>	2,25 %
Refusjon Karmøy	-54 588 315	-	<b>-54 588 315</b>	59,89 %
Refusjon Sveio	-7 410 117	218 534	<b>-7 191 583</b>	8,13 %
Refusjon Tysvær	-14 521 787	268 485	<b>-14 253 302</b>	15,93 %
Refusjon Vindafjord	-12 055 155	462 044	<b>-11 593 111</b>	13,23 %
Refusjon Utsira	-518 110	131 121	<b>-386 989</b>	0,57 %
Sum	-91 146 589	1 286 231	<b>-89 860 358</b>	100 %

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	<b>13 360 493</b>	<b>1 112 925</b>
Sum		<b>14 473 418</b>

Innbetaling av tilskot skjer med ¾ per 5.1.2024 og ¼ per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

**Sakshandsaming i styret 23.08.2023**

Saka må sjåast i samanheng med sakene 23/039-23/042. Budsjettet vert handsama i to rundar for på denne måten å samkøyre selskapet sin budsjettprosess med den kommunale prosessen.

Dagleg leiar la fram saka med dei føringar som er lagt til grunn. Følgjande er påpeika og vert justert fram til 1. gong handsaming:

1. I brannsjefen sitt framlegg til vedtak er refusjonskostnad for feiing/tilsyn i Utsira og Vindafjord bytta plass (er retta med blå skrift over).
2. Fram til 2. gong handsaming må økonomiplan for 2025-2027 ha ein korrekt plassering av kostnadar for dei ulike kontoane.
3. I økonomi- og handlingsplan vert tekst i tabell for området avsetningar (side 12) endra frå «Bruk av disposisjonsfond» til «Bruk/avsetning til ubundne fond/disp. fond».
4. I budsjettdokumentet side 4 vert det presisert at dette er vakante stillingar (oransje boksar).

Endeleg vedtak i saka vert gjort i styremøte 11.10.2023.

## Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å legge fram eit endeleg utkast til budsjett 2024 med tilhøyrande økonomi- og handlingsplan til styremøte 11.10.2023.

---

## Brannsjefens tilråding 11.10.2023

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 851 372,-.

Sjølvkostområdet (feiing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 478 33,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	%-fordeling	"Etterslep" lån	Samla kostnad
Refusjon Bokn	1 887 068	2,10 %	206 047	2 093 115
Refusjon Karmøy	54 680 028	60,85 %	-	54 680 028
Refusjon Sveio	7 089 982	7,89 %	218 534	7 308 516
Refusjon Tysvær	14 206 923	15,81 %	268 485	14 475 408
Refusjon Vindafjord	11 618 944	12,93 %	462 044	12 080 988
Refusjon Utsira	368 427	0,41 %	131 121	499 548
Sum	89 851 372	100 %	1 286 231	91 137 603

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	13 360 493	1 112 925
Sum		14 473 418

Innbetaling av tilskot skjer med  $\frac{3}{4}$  per 5.1.2024 og  $\frac{1}{4}$  per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

## Sakshandsaming i styret 11.10.2023

Det er gjort nokre korrekturar i budsjettdokument samt økonomi- og handlingsplan. Mindre korrekturar vert ikkje ytterlegare kommentert under sakshandsaminga.

Endringar:

- I saksframlegget er det skrive at husleige er i snitt auka med 14 %. Dette vert endra til at kvar einskild eigar har auka husleiga for selskapet frå 0 til 18 %.
- Det er i økonomiplan, kapittel 6.2, redusert kostnad for overtid med 3'' i planperioden 2025-2027 som følgje av kaserering. Eksakte tal er ikkje tilgjengeleg per no, men estimatet bygger på tal utrykningar knytt til stasjonar som skal erstattast som medførar innsparingar. Det må også

leggast til innkallingsmannskap på større hendingar. Erfaringstal vil hentast inn frå samanliknbare brann- og redningsvesen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Styret si tilråding 11.10.2023

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 851 372,-.

Sjølvkostområdet (feieing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 478 33,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	%-fordeling	"Etterslep" lån	Samla kostnad
Refusjon Bokn	1 887 068	2,10 %	206 047	2 093 115
Refusjon Karmøy	54 680 028	60,85 %	-	54 680 028
Refusjon Sveio	7 089 982	7,89 %	218 534	7 308 516
Refusjon Tysvær	14 206 923	15,81 %	268 485	14 475 408
Refusjon Vindafjord	11 618 944	12,93 %	462 044	12 080 988
Refusjon Utsira	368 427	0,41 %	131 121	499 548
Sum	89 851 372	100 %	1 286 231	91 137 603

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feieing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	13 360 493	1 112 925
Sum		14 473 418

Innbetaling av tilskot skjer med  $\frac{3}{4}$  per 5.1.2024 og  $\frac{1}{4}$  per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

### Sakshandsaming i representantskapet 10.11.2023

Representantskapet for Haugaland brann og redning IKS vedtar økonomiplan 2024-2027, men ber samtidig selskapet arbeide vidare med å sikre eit berekraftig nivå på tilskotet frå kommunane, basert på følgjande prinsipp:

- Representantskapet legg til grunn at rammestyling av selskapet er eit sentralt prinsipp, som skal leggast til grunn for det vidare arbeidet.
- Representantskapet har eit mål om at kostnadene til brann- og redningstenesta på sikt skal vera på same nivå som for gjennomsnittet av tilsvarande kommunar.

Styret skal arbeide vidare med strategiane som vart skissert i alternativ 1 til revidert økonomiplan våren 2023:

- Stillingar og funksjonar vert vurdert redusert der det er mogleg innanfor lovkrava.

- Beredskap, førebygging og organisering vert gjennomgått med sikte på å identifisere moglege tiltak innanfor lovkrav.
- Det vert starta opp aktivitet som gir inntekt gjennom sal av tenester.

Styret står fritt til å foreslå andre strategiar som også kan innarbeidast i innsparingsprogrammet.

Eigarane vil starte eit arbeid med å gjennomgå selskapsavtala med eit mandat og formål som tydeleggjer samsvar mellom berekraftig økonomi og tilstrekkeleg kvalitet. På bakgrunn av denne gjennomgangen skal styret på ny vurdere beredskapsanalyse trinn 2.

Det vert forutsett at HBR arbeidar tett med eigarkommunane for å bidra til at nye stasjonar vert realisert på ein nøktern og kostnadseffektiv måte. Nye stasjonar vil føre til meirkostnadar for selskapet, og det vert lagt opp til at dette delvis vert løyst med auka tilskot, og delvis må dekkast inn på over det eksisterande budsjettet. Det vert lagt opp til at tilskotet vert auka tilsvarande 70 prosent av netto nye husleigekostnadar i det enkelte budsjettår. Det langsiktige målet om å få kostnadar på nivå med tilsvarande kommunar ligg fast.

Styret skal etablere eit innsparings- og effektiviseringsprogram for å nå dette målet. Representantskapet ber styret legge fram foreløpige tiltak og ein arbeidsplan for det vidare arbeidet til neste representantskapsmøte. Status for arbeidet skal rapporterast regelmessig i eigarmøta og vereinnarbeidd i dei årlege budsjett- og økonomiplansakene til representantskapet.

Handsaming av beredskapsanalyse trinn 2 vert lagt på vent i påvente av dette arbeidet.

## VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 851 372,-.

Sjølvkostområdet (feiring og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 478 33,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	%-fordeling	"Etterslep" lån	Samla kostnad
Refusjon Bokn	1 887 068	2,10 %	206 047	2 093 115
Refusjon Karmøy	54 680 028	60,85 %	-	54 680 028
Refusjon Sveio	7 089 982	7,89 %	218 534	7 308 516
Refusjon Tysvær	14 206 923	15,81 %	268 485	14 475 408
Refusjon Vindafjord	11 618 944	12,93 %	462 044	12 080 988
Refusjon Utsira	368 427	0,41 %	131 121	499 548
<b>Sum</b>	<b>89 851 372</b>	<b>100 %</b>	<b>1 286 231</b>	<b>91 137 603</b>

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
<b>Sum</b>	<b>13 360 493</b>	<b>1 112 925</b>
<b>Sum</b>		<b>14 473 418</b>

Innbetaling av tilskot skjer med  $\frac{3}{4}$  per 5.1.2024 og  $\frac{1}{4}$  per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.

3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.
4. Med utgangspunkt i rammestyring og ein forventning om at kostnadsnivået for Haugaland brann og redning iks skal vera på gjennomsnittet av tilsvarande kommunar, ber representantskapet styret om å iverksette eit innsparings- og effektiviseringsprogram gjennom å:
  - a. Arbeide med strategiar for å redusere stillingar og funksjonar.
  - b. Identifisere moglege tiltak innanfor beredskap, førebygging og organisering.
  - c. Starte opp aktivitetar for å auke inntektssida.
  - d. Revidere beredskapsanalyse trinn 2 etter nytt mandat fra eigarane.

Innsparings- og effektiviseringsprogram skal handsamast representantskapet våren 2024.

## 23/015 Eventuelt

1. Representantskapsmedlem for Sveio kommune informerte om kommunestyrevedtak 06.11.2023 der det vert gitt fullmakt til rådmann om å melde Sveio kommune ut av Haugaland brann og redning iks.



**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 8 pages before this page

Dokumentet inneholder 8 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 8 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 8 sider før denne side

Detta dokument innehåller 8 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende